



Arkivnr: 2015/535-24
Saksbehandlar: Marte Hagen Eriksrud

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		14.01.2016
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.01.2016
Fylkesutvalet		29.01.2016

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - vedtak av planprogram

Samandrag

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om godkjenning av planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029.

Planprogrammet har vore ute på høyring. Frist for å koma med innspel var sett til 16. oktober 2015, og deretter utsett til 27. november 2015 etter ønskje frå fleire kommunar. Det har totalt kome inn 31 innspel til høyringsframlegget til planprogram.

Fylkesrådmannen sine tilrådingar til endringar av planprogrammet etter høyring er presentert i saksframlegget.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek med dette planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 med fylkesrådmannen sine tilrådingar i saksframlegget.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Planprogram RTP høyringsframlegg
- 2 Samandrag av innspel_planprogram RTP
- 3 Samlefil innspel_planprogram RTP

Fylkesrådmannen, 21.12.2015

1. Bakgrunn

Gjennom regional planstrategi for Hordaland vart det i 2010 vedteke å starta opp arbeidet med første generasjon Regional transportplan Hordaland (RTP). Regional transportplan Hordaland 2013-2024, med tilhøyrande handlingsprogram, vart vedtatt i 2012 og det vert lagt til grunn at planen skulle rullerast kvart fjerde år.

På møte i fylkesutvalet 19. februar 2015 vart det vedtatt å starte opp arbeidet med Regional transportplan Hordaland 2018-2029. På møte i fylkesutvalet 27. august 2015 vart planprogrammet vedtatt lagt ut på høyring med nokon innspel til nye plantema. Framlegg til planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 har vore ute på høyring og vert no lagt fram for endeleg vedtak.

2. Om høyringsframlegg til planprogram

For alle regionale planar er det etter plan- og bygningslova § 8-3 krav om utarbeiding av eit planprogram. Planprogrammet skal fastsette kva tema som skal handsamast i planen, føremål til planen, organisering av arbeidet, prosess og framdrift, samt opplegg for medverknad. Det framlegget til planprogram som no er utarbeida har følgjande oppbygging:

Kapittel 2 Formål og verknader

Dette kapitlet skildrar bakgrunnen for og verknader av planarbeidet. RTP skal vera ein regional langsiktig strategiplan for transportsektoren i Hordaland. Planen skal leggje grunnlag for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak, samstundes som den skal gje innspel og føringar til prosessar som gjeld Hordaland, men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde.

Kapittel 3 Rammer for planarbeidet

Kapitlet presenterer nasjonale og regionale føresetnader for planarbeidet. Kapitlet omtalar prosessen kring Nasjonal transportplan (NTP) og statlege ansvarsområde samt kva regionale rammer som legg føringar for den regionale transportplanen.

Kapittel 4 Planstruktur

Dette kapitlet presenterer mål og strategiar for planarbeidet, omtale av skiljet mellom sjølvne planen og handlingsprogrammet og korleis ein ser føre seg oppbygging av planen.

Kapittel 5 Plantema

Dette kapitlet presenterer dei plantema som skal omtalast i RTP. Planprogrammet peikar på utfordringar og utgreiingsbehov knytt til kvart tema. Tema innanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde - som fylkesvegnettet og kollektivtransport - er hovudtema i denne planen. For andre tema spelar RTP ei viktig rolle som formidlar av fylkeskommunal politikktutforming. Her følgjer ei oppstilling av dei fem plantema, med tilhøyrande undertema, som er omtalt i planprogrammet:

- **Fylkesvegnettet**
 - Overordna fylkesvegsnett
 - Øvrig fylkesvegnett
 - Vedlikehald
 - Vurdering av standardkrav
 - Tunellar
 - Bruer og ferjekaier
 - Sykkel og gange
 - Ferjesamband
 - Trafikksikring
 - Skredsikring
 - Klimatilpassing
- **Kollektivtransport utanom Bergensområdet**
 - Hovudlinjenett som knyter regionane saman
 - Infrastruktur for kollektivtrafikken
- **Transport i Bergensområdet**

- **Stord lufthamn Sørstokken**
- **Finansiering**

Kapittel 6 Organisering, prosess og medverknad

- **Organisering**
 - Organisering av arbeidet med planprogrammet
 - Organisering av arbeidet med Regional transportplan Hordaland
- **Prosess**
- **Medverknad**
 - Medverknad frå offentlege instansar
 - Medverknad frå interesseorganisasjonar
 - Medverknad frå ålmenta
- **Framdrift**

3. Organisering av arbeidet med planprogram

Høyringsframlegget til planprogram er utarbeida med medverknad frå kommunar og regionale statsetatar. Det faglege planarbeidet har vore koordinert av ei administrativ prosjektgruppe leia av fylkesdirektør samferdsel. Prosjektgruppa har bestått av representantar frå Statens vegvesen, Jernbaneverket, Kystverket, Avinor, Fylkesmannen og regionråda i fylket. Arbeidet har vore tilrettelagt av sekretariatet, som har bestått av representantar frå samferdselsavdelinga og Statens vegvesen. Saksordførar Atle Kvåle (Ap), oppnemnt av fylkestinget, har følgd arbeidet med utforming av planprogram.

4. Høyring

Høyringsperioden er etter lova fastsett til minst 6 veker. Etter ønskje frå fleire kommunar vart fristen for å gje uttale flytta frå 16. oktober til 27. november.

5. Gjennomgang av høyringsmerknader og tilråding frå fylkesrådmannen

Det har totalt kome inn 31 uttaler til planprogrammet; hovuddelen av uttalene er i frå kommunar og regionråd. Alle uttalar er drøfta i den administrative prosjektgruppa. Eit samandrag av den enkelte uttale er presentert i vedlegg; Samandrag av innspel planprogram RTP.doc. I tillegg er alle innspela tilgjengeleg i sin fulle form i vedlegg; Samlefil innspel planprogram RTP.doc. Fylkesrådmannen har vurdert alle dei innkomne merknadene og vil trekke fram tema som det særleg er knytt merknader til. Der fylkesrådmannen vil tilrå endringar i planprogrammet er desse merka med *kursiv*.

Det er kome inn mange gode og konstruktive innspel som stadfester behovet for ein rullering av Regional transportplan Hordaland. Mange av innspela er relevante for sjølve planarbeidet og utarbeiding av handlingsprogrammet. Alle innspel som omhandlar spesifikke vegstrekingar og innspel til sjølve planen eller handlingsprogrammet vert tatt med i den vidare prosessen med utforming av planen. Slike innspel fører ikkje til endringar i planprogrammet og er difor, i vedlegg Samandrag av innspel planprogram RTP.doc markert med; «Etter fylkesrådmannen sitt syn krev ikkje merknaden at det vert gjort endringar i planframlegget». Innspel som fører til endring av planprogrammet er markert med; «Etter fylkesrådmannen sitt syn krev deler av denne merknaden, saman med andre, at det vert gjort endringar i planprogrammet, sjå saksframlegg punkt XX».

Endeleg versjon av planprogrammet, etter handsaming i fylkesutvalet, vert lagt ut på nettsida til planarbeidet på Hordaland.no.

Kap. 2.2.2 Verknader av planen

Fylkesrådmannen er opptatt av at planprogrammet er tydeleg på kva verknader planen har. Det er viktig at planprogrammet er tydeleg på kva føringar og konsekvensar planarbeidet vil kunne ha for kommunal verksemd. Fylkesrådmannen tilrår difor ein ny tekst som erstatning for teksten i høyringsframlegg til planprogram:

Regional transportplan skal utarbeide mål og strategiar for ulike tema innanfor transport i fylket. Det vil og bli vurdert behov for retningsliner innanfor einskilde plantema, men retningslinene vil ikkje gje direkte føringar for utbygging. Når regional transportplan er vedteken legg den rammer for regionale etatar, staten

og kommunane si verksemd og planlegging. Den er eit grunnlag for å reise motsegn til kommunale planforslag for dei myndigheiter som blir råka og har motsegnsrett.

Ein regional plan skaper forpliktingar for offentlege myndigheiter og organ til å følgje opp og gjennomføre planen. Dette kan skje som avtalt i forbindelse med handlingsprogrammet, enten gjennom vidare planlegging eller gjennom særlege tiltak, budsjetter og vedtak. Forpliktinga gjeld både for kommunar, statlege organ og fylkeskommunen sjølv.

For tema innanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde vil strategiane og retningslinene verte fylgt opp gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak som peiker mot konkrete prosjekt og løyving av midlar over fylkeskommunale budsjett.

Kap. 3.2 Statlege ansvarsområde

Det er kome inn merknader på at dei statlege ansvarsområda bør vere eigne plantema i RTP. I høyringsutkastet til planprogram er dei statlege ansvarsområda ikkje tatt med som plantema og det vert vist til at fylkeskommunale prioriteringar og innspel til dei statlege transportetatane vert gitt i form av uttale til Nasjonal transportplan (NTP) 2018-2029. Fylkesrådmannen ser behovet for at RTP skal vere ein plan som omhandlar heile transportsystemet i fylket og tilrår å endre planprogrammet slik at dei statlege ansvarsområda vert inkludert som eigne plantema. Ein uttale til NTP er ikkje forpliktande for alle partar slik en regional plan er. Fylkeskommunen sine innspel til NTP skal basere seg på vedtekte planar og sjølv om prosessen til RTP og NTP er samanfallande i tid og RTP 2018-2029 ikkje kan vere innspel til NTP i denne omgang, så vil planen vere grunnlag for seinare uttaler. Fylkesrådmannen tilrår at omtalen av dei statlege ansvarsområda vert flytta frå kap. 3.2. til eit nytt underkapittel 5.6. *Statlege ansvarsområde*. Følgjande tekst vert tilført under kapittel 5.6; *Utarbeiding av plantema Statlege ansvarsområde og uttale til Nasjonal transportplan 2018-2029 skal koordinerast.*

Kap. 3.3. Regionale føresetnader for planarbeidet

Det er kome innspel på tillegg til boks med omtale av «Andre regionale og kommunale utgreiinga eller prosessar. Fylkesrådmannen tilrår at følgjande tillegg vert tatt inn i boksen; *Øst-Vest utgreiinga og KVV Rv. 7 Hardangervidda.*

Kap. 5.1 Fylkesvegnettet

Det er fleire innspel på at planen bør legge opp til ei tredeling av fylkesvegnettet; 1. Overordna fylkesvegnett 2. Viktige omkøyringsvegar 3. Øvrige fylkesvegar. Fylkesrådmannen er opptatt av at RTP skal vidareføre todelinga av fylkesvegnettet i Hordaland. Todelinga har vore viktig for å gje meir føreseielege rammer for prioritering av midlar til fylkesvegnettet og er eit strategisk grep som det er viktig å halde fast på. Viktige omkøyringsvegar er i tillegg eit av dei fem kriteria som er lagt til grunn for å definere kva som er overordna vegstrekningar på fylkesvegnettet. Fylkesrådmannen tilrår difor ikkje å endre den todelinga som ligg til grunn i gjeldande RTP for 2013-2024.

Det er viktig at inndelinga av fylkesvegnettet er i samsvar med dei kriteriene som er valt. Fylkesrådmannen tilrår at følgjande tekst vert tilført under kapittel 5.1. Fylkesvegnettet; *I planarbeidet skal det gjerast ei vurdering av fylkesvegnettet, opp mot dei kriteriene som er valt for å definere kva som er overordna vegnett, for å sikre at inndelinga av fylkesvegnettet er i tråd med valte kriterier.*

Det er kome fleire innspel med ønskje om omklassifisering av vegar frå fylkesveg til riksveg. Fylkesrådmannen vil vise til politisk sak om omklassifisering av fylkesveg til riksveg (PS 296/2015) og fylkesutvalet sitt vedtak den 19. november 2015; «Fylkesutvalet viser til den pågåande prosessen med kommune- og regionreforma, og vil kome tilbake med ei samla vurdering av eigarskap til det offentlege vegnettet i samband med fylkeskommunale vedtak om framtidig regionalt nivå hausten 2016».

Kap. 5.1.1 Overordna fylkesvegnett

Dei strekningsvise utgreiingane som er omtalt under utgreiingsbehov, kulepunkt 1, vert ferdigstilt i starten av januar 2016. Fylkesrådmannen tilrår at det vert tatt ut som utgreiingstema og at ny tekst vert lagt til; *Legge*

strekningsvise utgreiingar til grunn for prioritering av planlegging, investeringstiltak, standardheving og vedlikehald på det overordna fylkesvegnettet.

I etterkant av utsending av høyringsframlegg til planprogram for RTP har planprogrammet for E 39 Stord-Os vore på høyring og er vedtatt av Samferdselsdepartementet. Fylkesrådmannen tilrår at følgjande utgreiingsbehov går ut fordi dei skal vere del av statleg plan;

Ny E39 Stord - Os over Reksteren gjev moglegheit for nytt samband anten via bru over Langenuen til Austevoll som erstatning for dagens to ferjesamband. Dette skal utgreiast vidare i samarbeid med prosjektorganisasjonen for E39 i Statens Vegvesen.

Tilkoplinga frå E39 til resten av Tysnes skal utgreiast i eit samarbeid med prosjektorganisasjonen for E39 Stord –Os i Statens Vegvesen. Det er også behov for å vurdere kva konsekvensar ny E39 vil få for fylkesvegnettet på Tysnes både for å dekkje nye utbyggingsområde og eventuelle behov for omkøyingsvegar for E39.

Følgjande utgreiingsbehov går ut som følge av feil ved utsending av planprogrammet. Denne feilen er og omtalt på høyringssida til planprogrammet; *Utgreia moglegheit for ferjefritt samband mellom Kvinnherad og Tysnes eller Stord.*

Kap. 5.1.2 Øvrig fylkesvegnett

Det er innspel på at ein føreseieleg fordeling av midlar til vedlikehald og standardheving mellom overordna og øvrig vegnett i hovudsak er ei utfordring på grunn av det totale nivået på løyvingar, og ikkje noko som kan finne si løysing gjennom etablering av ein fordelingsmodell (som omtalt i utgreiingsbehov).

Fylkesrådmannen er samd i at hovudutfordringa ligg på det totalt nivået på løyvingar, men på same tid er det behov for å avklare nivået på satsinga til vedlikehald og standardheving på det øvrige fylkesvegnettet.

Fleire innspel peike på problematikken rundt at vegar, på det øvrige fylkesvegnettet, kan ha låg prioritet for fylket, men vera viktig for utvikling i ein kommune, og at manglande opprusting av fylkesvegar kan vera til hinder for utvikling av nye bustad- og næringsareal. Fylkesrådmannen viser til følgjande strategi i gjeldande RTP 2013-2024; «For denne delen av vegnettet er det viktig å utbetre særleg trafikkfarlege punkt, og utbetre punktvisse førekomstar av særleg låg vegstandard. Skredutsette strekningar skal prioriterast særskilt». Arbeidet med å førebu eit utgreiingsarbeid knytt til tema er starta opp. Fylkesrådmannen tilrår at det utgreiingsarbeidet vert inkludert som eit nytt utgreiingsbehov under kap. 5.1.2.

Kap. 5.1.4 Vurdering av standardkrav

Innspel frå Statens vegvesen på at utgreiingsbehovet er noko ambisiøst og bør endrast til å berre omhandle lågtrafikkerte vegar. Fylkesrådmannen vil presisere at hensikten med utgreiingsbehovet ikkje er å fastsette standardval på kvar enkelt vegstrekning, men avklare prosess og handlingsrom på eit meir overordna nivå. Fylkesrådmannen tilrår følgjande endring av teksten; *Regional transportplan må avklare handlingsrom og moglege kriterier for val og bruk av vegnormalane.*

Kap. 5.1.5 Tunellar

Innspel frå Statens vegvesen på ny tekst til å erstatte avsnitt to. Fylkesrådmannen er samd i innspelet og tilrår å erstatte avsnittet med ny tekst: *For fylkesvegnettet gjeld Forskrift om minimum tryggleikskrav til visse tunneler på fylkesvegnettet (FOR-2014-12-10-1566). Forskrifta gjeld for alle tunnellar på 500 meter eller meir, med ein årsdøgntrafikk på 300 køyretøy eller meir. Forskrifta omfattar mellom anna krav til løp og køyrefelt, geometri, fluktvegar og nødutgangar, tilkomst for redningsmannskap, havarilommer, ventilasjon, lys og overvaking. Langs fylkesvegnettet er det mellom 30 og 40 tunnellar som er 500 m eller meir, og har ein ÅDT på 300 eller meir. I 2015 vart det gjennomført eit utgreiingsarbeid for å kartleggja kor mange av desse som ikkje tilfredsstillar krava i gjeldande forskrift.*

Innspel frå Statens vegvesen på at utgreiingsbehovet er ferdigstilt i desember 2015 og difor bør utgå som eit utgreiingsbehov. Fylkesrådmannen er samd i uttalen og foreslår følgjande tillegg til tekst; *Kartlegging av*

omfang, kostnad og opplegg for prioritering av opprusting av fylkesvegtunellar i Hordaland vert lagt til grunn for planarbeidet.

Kap. 5.1.7 Sykkel og gange.

Fylkesrådmannen ønskjer å fokusere på å betre tilhøva for gåande og syklande i regionsentra. Dette er i tråd med Regional plan for attraktive senter som vektlegg tilrettelegging for sykkel og gange for å sikre effektive og bærekraftige transportsystem i fylket. Fylkesrådmannen tilrår å erstatte kulepunkt 1 med ny tekst; *Samanstille og vurdere behovet for utbygging av anlegg for sykkel og gange i og rundt regionsentra, men grunnlag i strategien om å prioritera anlegg kring målpunkt for barn og unge.*

Kap. 5.1.8 Ferjesamband

Det er kome innspel på at vegval og prinsipp for ferjedrifta bør vere ein del av RTP då ferjene utgjør ein svært viktig del av vegnettet i Hordaland. Fylkesrådmannen vil i den samanheng vise til at det over tid har vore førebudd ny anbudsutsetjing av fylkesvegsambanda og dette arbeidet har vore politisk handsama ved fleire høve sidan 2012. Eit større arbeid i 2014 munna ut i politisk sak med strategiske vegval for fylkesvegferjene, for å gje rammer for den konkrete utforminga av anboda. Tilrådingane i saka var basert på politiske vedtak i styrande dokumentasjon som mellom anna Regional transportplan Hordaland 2013–2024 og Kollektivstrategi for Hordaland. Det har vore gjennomført dialogmøter med kommunar, ferjeoperatørar og sentrale myndigheiter. RTP vil presentere prinsipp og føringar for ferjesamband i det ferdig plandokumentet.

5.3 Transport i Bergensområdet

For å synleggjere formålet med etablering av eit overordna, framtidig ringvegsystem tilrår fylkesrådmannen følgjande tillegg til tekst; *For at eit overordna ringvegsystem ikkje einsidig skal føre til auka biltrafikk, skal tiltaket sjåast i samanheng med sterkare prioritering av dei miljøvennlige transportformene på eksisterande vegnett og ein differensiering i trafikantbetaling.*

Det er innspel på at skilje mellom Bergen kommune og resten av Bergensområdet slikt det er omtalt i utgreiingsbehov, kulepunkt 1, er uheldig. RTP må omtale transportutfordringar i heile Bergensområdet. Det er i tillegg fleire innspel på at planarbeidet må ta omsyn til skilnaden mellom sentrale og meir perifer deler av Bergensområdet; til dømes i høve til nullvekstmålet i personbiltransporten. Bergensområdet omfattar i dag 12 kommunar med reisetid til Bergen sentrum på mindre 1 time og samstundes ein pendlingsandel til Bergen kommune på over 20 prosent. Fylkesrådmannen ser at det er eit behov for å få på plass ei avgrensing av eit funksjonelt byområde som kjerneområde for innføring av transportpolitiske tiltak og virkemiddel for å nå nullvekstmålet. Det meir avgrensa funksjonelle byområdet vil vere uavhengig av kommunegrensene og ta opp i seg dei store transportkorridorane inn og ut av sentrum.

Fylkesrådmannen tilrår nytt utgreiingsbehov som skal erstatte kulepunkt 1; *RTP må kartlegge moglege strategiar og tiltak for korleis transportutfordringar i eit funksjonelt byområde kan løysast sett i lys av målet om nullvekst i personbiltransporten. Desse utfordringane skal løysast i samsvar med fastlagt utbyggingsmønster i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.*

Den 8. desember 2015 fatta fylkestinget følgjande vedtak: «Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å laga forslag til ein ny overordna strategi for kollektivtrafikk på sjøen». Fylkesrådmannen vurderer det som riktig å følge opp dette vedtaket i Kollektivstrategien og tilhøyrande handlingsprogram. Det vert difor ikkje tatt med som eit utgreiingsbehov i planprogrammet til RTP.

Fylkesrådmannen rår i tillegg til at ein kort omtale av KVV Logistikknutepunkt vert inkludert i teksten.

Kap. 6.3 Medverknad

Fleire innspel på at utarbeiding av regionale planar får store konsekvensar for lokal forvaltning. Lokal forankring og involvering av kommunane er viktig i utarbeiding av planen. Fylkesrådmannen er samd i at det er viktig for planarbeidet å sikre ein god dialog med kommunane. Krava til medverknad og prosess som omtalt i Plan- og bygningslova ligg til grunn for planarbeidet.

Administrativ prosjektgruppe

I den administrative prosjektgruppa er representasjon frå kommunane gjennom regionråda vurdert som den beste løysinga for å sikre kommunal representasjon i gruppa. Alle kommunane i fylket er derimot ikkje representert i eit regionråd. Fylkesrådmannen vil difor oppmode det enkelte regionråd som vert invitert til å delta i den administrative prosjektgruppa om å søke å ivareta interessene til alle kommunane i den aktuelle region. I tillegg vil fylkesrådmannen peike på at det er fleire kanalar for medverknad; gjennom høyringsprosessen, deltaking på høyringskonferanse, samt andre møteplassar. Hordaland fylkeskommune arbeider mellom anna med å få i stand dialogmøte med regionråd/kommunane våren 2015 kor Regional transportplan vil vere eit viktig tema. Bergen kommune vil få sjølvstendig representasjon i den administrative prosjektgruppa.

Referansegruppa

Det er fleire innspel med ønske om å få vere medlem i referansegruppa. Opprømsing av aktuelle deltakarar i referansegruppa, s. 25 i planprogrammet vil ikkje kunne vere uttømmende og fylkesrådmannen tilrår å ta den ut. Som erstatning vert følgjande tekst lagt til i kap. 6.1.2; *Innkalling til og informasjon om møte i referansegruppa vert annonsert på nettsida til planarbeidet i god tid. Alle relevante interesseorganisasjonar kan stille på møter i referansegruppa.*

Andre innspel

Det er kome innspel på at planarbeidet bør omtale deponering av overskotsmassar i samband med utbygging av transportinfrastruktur. Fylkesrådmannen er samd i at dette er eit viktig spørsmål. Handtering av massar frå infrastrukturprosjekt er derimot eit stort og omfattande tema som RTP ikkje kan ta opp i sin heile og fulle bredde. Gjennom arbeidet med Regional planstrategi må ein vurdere om det er behov for eit eige planarbeid knytt til temaet.